

**KVINNHERAD-KOR I RÅDHUSET I HAUGESUND:
Sundag 29. september song Røysterett for alle
i bystyresalen i Haugesund sitt flotte rosa rådhus
til minne om 100-årsfeinga av røysterett for alle
nordmenn (1913) også kvinnene!**

[Maria Malmsten](#) hadde skrive mykje av musikken sjølv,
og Svein Rimstad hadde skrive ein god del av tekstane.

Me fekk verdspremiere på den friske tango-melodien 'Røysterett for alle',
som var laga nett for dette høvet - og for 25-årsfeiringa til koret
frå Uskedalen: 'Ei røyst har mykje ved seg, og mangt kan ho få sagt.'
Elles høyrde me om fjell- og heimeliv i Uskedalen, og ei fin nynorsk
omsetjing av Louis Armstrongs 'What a wonderful world'.

Mot slutten av programmet vart Haldor Tveit med på trekkspel.
Dette vart ei kjekk kulturstund, med varme,
sjølvironi og vene kortonar!

Håvard Skaadel